

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

Referat 16. januar 2018

Skype-møte

Kl. 14.00-15.00

Til stades: Lisbeth Morlandstø (leiar), Lin Prøitz, Christer Bakke Andresen, Marika Lüders og Terje Skjerdal (ref).

Forfall: Magnus Hoem Iversen, Balder Holm og Anne Mette Bjørgen.

1. Innkalling

Godkjend utan merknader.

2. Referat frå styremøte 12. desember 2017

Godkjent utan merknader.

3. Orienteringar

- **Innmeldingar:** Ingen nye sidan sist (12. desember).
- **Tilsetjing:** Marianne Monstad er tilsett som studentassistent (får m.a. ansvar for nyheitsbrevet).

4. Medieforskarkonferansen okt 2018

Me prøver med omtrent same fristar som sist, dvs. frist for abstract: 1. mai. Ferdig paper: 1. oktober. Tidlegpåmeldingsfrist: 1. juli. Endeleg påmeldingsfrist: Ca. 12. oktober (jf. sist gong).

Arrangementskomiteen har fått tilbod på 42.000 kr frå reisebyrået på påmeldingsportal (350 kr per deltakar). Høgskolen i Innlandet har ei pakkeløysing der dei tilbyr alt, inkludert sekretariat, kontakt med innleiarar osb for 128.000 kr. Det siste er i meste laget, men Lisbeth høyrer med dei om det går an å kjøpa delar av pakken, f.eks. plattform for innlevering av abstract. Styret meiner at det er ein fordel om alle deltakarane kan ha tilgang til abstract frå alle grupper, men den kjem an på prisen. Lisbeth høyrer med Magnus om korleis dei ordna nettsida sist (Bergen okt 2016).

Juryar:

- **Beste masteroppgåve:** Styret ynskjer å behalda juryen frå sist, dvs. Håvard Vibeto, Anne Marit Myrstad og Hans Fredrik Dahl. Lin kontaktar dei.
- **Heiderspris og formidlingspris:** Styret kom med forslag på namn frå NTNU, Universitetet i Bergen og OsloMet (totalt tre medlemer i juryen; same jury for heiderspris og formidlingspris). Christer, Marika og Terje kontaktar dei ulike personane og melder tilbake.

5. Eventuelt

Ingen saker.

Neste møte: 13. februar 2018 kl. 14-15 (Skype)

Terje Skjerdal (ref)